



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 26.11.2020 kl. 15:15-18:00

Stad: ASKVOLL (TELEFONMØTE P.G.A. KORONASITUASJONEN)

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Arnt Johnny Langeland	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem

Forfall:

Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Terje Mork	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2020/48		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2020/49		Godkjenning av protokollen frå soknerådsmøte 01.10.2020	RUNE ZIENER
SR 2020/50		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2020/51		Høyring om kyrkjevalet	RUNE ZIENER
SR 2020/52		Høyring – fjernmøte og skriftleg sakshandsaming i kyrkjelege rådsorgan	RUNE ZIENER
SR 2020/53		Høyring – endringar i kyrkjeordninga og enkelte andre reglar	RUNE ZIENER
SR 2020/54		Høyring - langtidsutleige av kyrkjer	RUNE ZIENER
SR 2020/55		Høyring - forslag til forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kirker	RUNE ZIENER

SR 2020/56		Julegudstenester og advent 2020	RUNE ZIENER
SR 2020/57		Offerlister 2020/2021	RUNE ZIENER
SR 2020/58		Val av leiar og nestleiar i Askvoll sokneråd	RUNE ZIENER
FR 2020/59		Budsjettjustering drift 2020	RUNE ZIENER

Askvoll, 26.11.2020

Rune Ziener
referent

SR 2020/48 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre, men handaminga av sak 59 vert flytta fram til handsaming etter sak 50.

SR 2020/49 Godkjenning av protokollen frå soknerådsmøte 01.10.2020

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 01.10.2020.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 01.10.2020.

SR 2020/50 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2020/30 Leige lokaler i Telenor-bygget i Askvoll som alternativ til å bygge nytt servicebygg på Askvoll kyrkjegard?

M 2020/31 Trusopplæringsutvalet i Askvoll: Referat frå møte 04.11.2020

M 2020/32 Vilnes kyrkjelydsutval: Referat frå møte 18.10.2020

M 2020/33 Bjørgvin biskop: *Askvoll kyrkje – godkjenning av oppslagstavle utanfor kyrkjemuren* (22.10.2020)

M 2020/34 Lysekronene i Askvoll

M 2020/35 Tilsetting i stillinga som kyrkjeseekretær

M 2020/36 Vilnes kyrkje – areal til vanntank (status og framdrift)

M 2020/37 Riksantikvaren: *Vilnes kyrkje - Forskotsutbetaling av tilskot til klimaskalsikring* (12.11.2020)

M 2020/38 Kyrkjeverja sitt notat til kommunen: *Konsekvensar ved redusert ramme til drift - Askvoll sokn* (22.11.2020)

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, med følgjande merknad til sak M 2020/30:

Askvoll sokneråd vil ha utgreidd soknerådssak om mogleg leige av lokale i Telenorbygget i Askvoll som alternativ til nybygg av servicebygg på kyrkjegarden. Saka vert handsama i møte før 16. desember, då Askvoll kommunestyre har sitt budsjettvedtak.

SR 2020/51 Høyring om kyrkjevalet

UTGREIING

Denne høyringa tek for seg nokre overordna problemstillingar om kyrkjeval som Kyrkjemøtet må avgjere i 2021. Høyringsfrist 30. november 2020.

Det vert vist til høyringsnotat med Kyrkjerådet sine utgreiingar og vurderingar:

Tilråding til høyringssvar (forslaget står med feitt skrift):

2. Modell for listevalg ved valg av leke til bispedømmeråd og Kirkemøtet

2.5 Høringsspørsmål

Hvilken modell ønsker du/dere? [~~A/ B / Ingen av dem / Ingen mening~~]

Har du/dere merknader til spørsmålet om modellvalg? [Fritekstfelt:

Med dagens modell med ein bredt samansett liste frå nominasjonskomitéen, vert det basert på tilbakemeldingar frå veljarar, veldig utydeleg kva lista og kandidatane står for. Med grunnprinsippet om at nomineringsgrupper stiller lister, vil valalternativa truleg framstå som tydelege, meir i samsvar med andre politiske val.]

Har du/dere merknader til forslaget om forenklet ordning for valg av nominasjonskomité? [Fritekstfelt:

Ein slik forenkla prosess for å opprette nominasjonskomité er nødvendig. Likevel er vi uroa for at ein slik prosess med først innsending av komitémedlemsforslag, så medlemsval, begge med forankring i sokneråda, vil ta unødig tid, med fare for at nominasjonskomitéen vil kunne få for lita tid til eit grundig arbeid. Kanskje kan ein syte for at slikt val er gjennomført i forkant av nomineringsgruppene sin frist, og komitéen slik kan tre i funksjon umiddelbart dersom det viser seg at det ikkje er nokon nomineringsgruppe som stiller liste.]

3. Mulighet for å supplere lister og kandidater ved valg til menighetsråd

3.4 Høringsspørsmål

Hvilket alternativ ønsker du/dere? [~~1/2/3/4/ Ingen mening~~]

Har du/dere merknader til dette spørsmålet? [Fritekstfelt:

Alternativ 2 er eit godt alternativ for å sikre at det vert overført meir inflytelse og reell makt frå nominasjonskomitéen til veljarane. Likevel bør det leggjast betre til rette for at veljarar får eit meir reelt høve til å fremje eigne lister (og at ein slik stimulerer til forholdstalsval med tydeleg skilnad på listene.)

4. Kommunikasjon om lister og kandidater ved valg av bispedømmeråd og Kirkemøtet

4.4 Høringsspørsmål Hvilket alternativ ønsker du/dere?

[~~1/2/3/Ingen mening~~]

Har du/dere merknader til dette spørsmålet? [Fritekstfelt]

Med alternativ 3 og således fullstendig ansvarliggjøring av listene selv, vil det stimuleres til egenprofilering og tydelighet overfor veljarane. Alternativ 1 som likner mest på kommunikasjonsordninga ved førre val var ikkje tilfredsstillande veljarinformasjon. Valrådet må sjølvstilt i alle tilfelle publisere kandidatlistar frå dei ulike listene, slik som praksis er for andre politiske val.]

5. Tid og sted for valg

Kirkeloven § 4 fastsatte at «[k]irkelige valg holdes samtidig med, og i lokaler i umiddelbar nærhet av, valg til Stortinget eller fylkesting og kommunestyre». Bør denne bestemmelsen videreføres? [~~Ja, dette bør fastsettes i kirkeordningen.~~ / **Ja, dette bør fastsettes i kirkevalgreglene.** / ~~Nei~~ / ~~Ingen mening~~]

Har du/dere merknader til dette spørsmålet? [Fritekstfelt]

6. Personvalgregler

6.4 Høringsspørsmål Jeg/vi ønsker fortsatt sperregrense og stemmetillegg ved valg av menighetsråd. [**Enig** / ~~Uenig~~ / ~~Ingen mening~~]

Har du/dere merknader til dette spørsmålet? 18 [Fritekstfelt]

Jeg/vi ønsker fortsatt sperregrense for Nominasjonskomiteens liste ved valg av leke til bispedømmeråd og Kirkemøtet. Dette forslaget innebærer også å beholde dagens ordning med stemmetillegg på lister fra nomineringsgrupper. [**Enig** / ~~Uenig~~ / ~~Ingen mening~~]

Har du/dere merknader til dette spørsmålet? [Fritekstfelt]

7. Forhåndsstemming

7.4 Høringsspørsmål Hvilket alternativ ønsker du/dere? [~~1, 2, 3, 4~~, **Ingen mening**]

Har du/dere merknader til dette spørsmålet? [Fritekstfelt]

Vi ser det svært positivt om det vert opna for digital stemmegjeving.]

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd gir høyringssvar i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gir høyringssvar i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

SR 2020/52 Høyring – fjernmøte og skriftleg sakshandsaming i kyrkjelege rådsorgan

UTGREIING

Kyrkerådet har vedteke å fremje ei sak til Kyrkjemøtet i 2021 for å åpne for fjernmøte i sokneråd, kyrkelege fellesråd og Kyrkjerådet på permanent basis på bakgrunn av erfaringar i koronasituasjonen. Regelendringane er no sendt ut på høyring.

Frist 30. november 2020.

Det vert vist til høyringsnotat med Kyrkjerådet sine utgreiingar og vurderingar.

Forslag til uttale:

Askvoll sokneråd er, i samsvar med gjeldande regelverk, prinsipielt for at møte skal gå føre seg som fysiske møte, mellom anna for å sikre ryddig sakshandsaming, tryggleik for identitetskontroll og openheit i forvaltninga og ålmenta sitt generelle høve til innsyn i saksprosessene.

Likevel er vi for at det unntaksvis skal vere høve til alternativ og forenkla sakshandsaming, og støttar Kyrkjerådet i dette, både når det gjeld høvet til skriftleg sakshandsaming og fjernmøte. Særleg kan dette vere fordelaktig og rasjonelt når det er trong for rask avgjerd i ei sak og om ein elles ikkje finn det sakssvarande å setje opp ekstraordinære møte (både av tidsomsyn og omsyn til ressursbruk).

Formkrava til gjennomføring bør vere mindre strenge her enn på kyrkjerådsnivå for å sikre fleksible ordningar for gjennomføring, då ressursknappheit ofte er ein vesentleg faktor hos lokale rådsorgan.

Når det gjeld fjernmøte vil vi tilrå ei ytterlegare lemping av kravet til at møtedeltakarane skal kunne sjå og høyre kvarandre når det gjeld gjennomføring av møte på sokne- og fellesrådsnivå enn det som ligg i forslaget frå Kyrkjerådet, då det erfaringsmessig krev ekstra tekniske løysingar for at møtedeltakarane skal kunne sjå kvarandre. Erfaringsmessig her lokalt fungerer også løysing med telefonmøte.

For å sikre ytterlegare fleksibilitet for gjennomføring av fjernmøte, ønskjer vi vidare fullmakter til rådsleiar enn kva Kyrkjerådet legg opp til, men då samtidig gje høve til at eit tilstrekkeleg mindretal i rådet kan motsetje seg/stanse handsaming ved fjernmøte.

I forslaget frå Kyrkjerådet til **Forslag til regler om krav til gjennomføring av fjernmøter i menighetsråd og kirkelig fellesråd** ønskjer vi følgjande justeringar (ny tekst i feit skrift og utgåande tekst med gjennomstrekning):

§ 1. Beslutning om fjernmøte

Leder i menighetsrådet/kirkelig fellesråd kan ~~vedta~~ beslutte at et ordinært rådsmøte skal avholdes som fjernmøte **med mindre minst 1/3 av medlemmene motsetter seg dette.**

~~Vedtaket om fjernmøte kan omfatte ett eller flere slike møter. Avgjørelse om hastefjernmøte~~

beslattes av lederen av rådet.

§ 2. Krav til fjernmøter

Ved fjernmøte skal **rådsleder sikre at alle møtedeltakerne skal kunne se, høre og kommunisere med hverandre på en betryggende måte** I særlige tilfeller kan rådet fravike kravet om at alle møtedeltakerne skal kunne se hverandre. Det skal legges til rette for avstemninger gjennom elektronisk løsning som ivaretar hensynene bak skriftlige avstemninger. **og at avstemninger kan skje på betryggende måte.**
Menighetsrådet/kirkelig fellesråd ~~fastsetter~~ **kan fastsette** hvordan et fjernmøte skal gjennomføres.

§ 5 Utgår

I forslaget til endra § 2 nr. 2 og 3 i *Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet* ønskjer vi følgjande justeringar:

§ 2 nr. 2 skal lyde: Menighetsrådet/kirkelig fellesråd kan selv beslutte at møte skal holdes som fjernmøte. Fjernmøte innebærer at en eller flere av deltakerne ikke sitter i samme lokale, men at de via tekniske hjelpemidler likevel kan ~~se, høre og~~ kommunisere med hverandre. Kravene som ellers gjelder for møter, gjelder også for fjernmøter. Kirkerådet gir nærmere regler om krav til gjennomføring av fjernmøter, herunder der møtet etter § 3 skal lukkes. Disse reglene kan også inneholde unntak fra kravene i annet punktum.

Askvoll sokneråd har ingen merknader til endringsforslaga som gjeld Kyrkjerådet si møteverksemd.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd gir høyringssvar i saka som det ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gir høyringssvar i saka som det ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.

SR 2020/53 Høyring – endringar i kyrkjeordninga og enkelte andre reglar

UTGREIING

Kyrkerådet planlegg å fremje ei sak til Kyrkjemøtet i 2021 for å endre nokre reglar i kyrkjeordninga og i enkelte andre reglar for å følgje opp dette. Forslaget om regelendringane er no sendt ut på høyring. **Frist 30. november 2020.**

Det vert vist til høyringsnotat med Kyrkerådet sine utgreiingar og vurderingar.

Forslag til uttale:

1. Forslag til endringar i kyrkjeordninga

Til kyrkjeordninga § 8, 4. ledd:

Askvoll sokneråd støttar endringsforslaget.

Til kyrkjeordninga § 10, nytt 4. og 5. ledd:

Askvoll sokneråd støttar forslaget til tillegga, her samt den pedagogiske endringa i § 33, 1. ledd bokstav a som følgje av dette.

Til kyrkjeordninga § 12, 3. ledd annet punktum og § 17, 4. ledd annet punktum:

Askvoll sokneråd støttar endringsforslaget, og vil understreke at det er svært ønskeleg at mynde til fastsetting av økonomiregler ligg til departementet, all den tid det er kommunal finansiering av lokalkyrkjeleg verksemd. Det vil gje auka legitimitet til ei offentleg finansieringsordning.

Til kyrkjeordninga § 23, 5. ledd:

Askvoll sokneråd støttar endringsforslaget.

2. Forslag til reglar om innmelding i og utmelding av samt tilhørigheit til Den norske kyrkja

Askvoll sokneråd støttar endringsforslaget.

3. Forslag til oppheving av reglement 11. april 2016 nr. 1811.

Askvoll sokneråd har ingen merknader til forslaget om oppheving.

4. Forslag til endringar i reglar for bruk av liturgiske klede.

Askvoll sokneråd støttar endringsforslaget.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd gir høyringssvar i saka som det ligg føre frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gir høyringssvar i saka som det ligg føre frå kyrkjeverja.

SR 2020/54 Høyring - langtidsutleige av kyrkjer

UTGREIING

Kyrkjerådet vil opne for at det skal kunne vere mogleg å leige ut kyrkjer på langtidsbasis, noko gjeldande lovverk eller framtidig regelverk for kyrkjeordninga ikkje har opning for. Saka er sendt ut på høyring med **frist 30. november 2020**.

Bakgrunn

Ved opphevinga av kyrkjelova (01.01.2021) har Kyrkjemøtet mynde til å vedta ei anna ordning enn den kyrkjelova har innehelde. I dag seier kyrkjelova § 18, 1. og 2. ledd:

Forvaltningen av kirkene hører under kirkelig fellesråd, med mindre annet er bestemt av departementet. Kirker kan ikke avhendes, pantsettes eller påheftes bruksretter.

Departementet kan likevel samtykke i salg når særlige grunner tilsier det.

Ordninga er vedteke vidareført i kyrkjeordninga § 20, 1. og 2. ledd slik:

Forvaltningen av kirkene hører under kirkelig fellesråd, med mindre annet er bestemt av departementet før kirkeordningens ikrafttredelse eller deretter av Kirkerådet. Kirker kan ikke avhendes, pantsettes eller påheftes bruksretter.

Kirkerådet kan likevel samtykke i salg når særlige grunner tilsier det.

I sak KM 15/15 Prinsipp for kyrkjebygg vedtok Kyrkjemøtet at i «et framtidig regelverk bør det gis mulighet for langtidsutleie av kirkebygg», noko paragrafene over ikkje opnar for. Bakgrunnen for dette er at det i fleire tilfelle har vist seg å vere trong for rettsleg høve til langtidsutleige.

Kyrkjerådet følgjer opp intensjonsvedtaket om å opne for langtidsutleige, med slikt endringsforslag i kyrkjeordninga § 20 (endringar kursivert):

§ 20. Forvaltning av kirkene og begrensning i rådighet

Forvaltningen av kirkene hører under kirkelig fellesråd, med mindre annet er bestemt av departementet før kirkeordningens ikrafttredelse eller deretter av Kirkerådet. Kirker kan ikke avhendes, pantsettes eller påheftes bruksretter.

Kirkerådet kan likevel samtykke i salg når særlige grunner tilsier det. På samme vilkår kan biskopen samtykke i påhefte av bruksretter. I saker etter tredje punktum kan Kirkerådet gi retningslinjer for saksbehandlingen.

I høyringssaka bør høyringsinstansane minimum ta stilling til:

- Kva av soknet sine organ skal fremje søknad om godkjenning av langtidsutleige?
- Kven skal godkjenne ein søknad om langtidsutleige?
- Skal ein kunne klage på avgjerla?

For drøftingsmoment vert det vist til høyringsnotatet.

Forslag til høyringssvar:

Askvoll sokneråd er samd med Kyrkjerådet/Kyrkjemøtet at det i ny kyrkjeordning skal opnast for regelfesta høve til langtidsutleige av kyrkjer der *minst* følgjande to vilkår ligg til grunn:

- *Det skal vere minst ei anna kyrkje i soknet til å ivareta lokalt kyrkjeleg tilbod til soknet sine innbyggjarar for at godkjenning om langtidsutleige kan verte gitt.*
- *Søknad skal komme etter lokalt initiativ frå organ som representerer soknet.*

Kva som helst organ som representerer soknet skal kunne fremje søknad om langtidsutleige av kyrkje. Der fleire organ representerer soknet (sokneråd/fellesråd/mogleg framtidig prostifellesråd) skal alle gje uttale før det vert fatta vedtak om godkjenning av utleige.

Ingen organ som representerer soknet skal ha vetorett i sak om langtidsutleige.

Det skal óg sikrast i nærare reglar for sakshandsamingsprosess (fastsett av Kyrkjemøtet) at soknemøtet skal gje uttale før endeleg vedtak vert fatta av rett instans.

For å ivareta omsynet til vurdering av soknepresten sin bruksrett av kyrkja, skal biskopen alltid vere involvert i godkjenningsprosessen, anten direkte som eventuell godkjenningsinstans eller indirekte med høyringsrett, dersom mynde til godkjenning av langtidsutleige vert lagt til bispedømmeråd eller Kyrkjerådet.

Vi ønskjer primært at bispedømmerådet er godkjenningsinstans i langtidsutleigesaker då bispedømmerådet allereie har mynde til å dispensere fra atskillelsesforbudet i kyrkjeordninga § 20, 3. ledd. Sal av fast eigedom (inventar) har til felles med begrensningar i bruksrett at dette dreier seg om forvaltning av kyrkja sine økonomiske verdier.

Vi er ikkje samd med Kyrkjerådet i at det ikkje skal vere klagerett på godkjenningsvedtak. Dersom biskop eller bispedømmeråd er godkjenningsinstans, skal organ som representerer soknet ha klagerett i saker om langtidsutleige, og om Kyrkjerådet handsamar klager, vil ein sikre éin nasjonal praksis.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd gir høyringssvar i saka som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gir høyringssvar i saka som det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

SR 2020/55 Høring - forslag til forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kirker

UTGREIING

Barne- og familiedepartementet føreslær ny forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kirker. Forskriften er heimla i trussamfunnslova som trer i kraft 1. januar 2021. **Høyringsfrist 25. november 2021.**

Forskriften tek i hovudsak sikte på å vidareføre dagens forvaltningspraksis for de kulturhistorisk verdifulle kyrkene, slik denne framgår av gjeldande rundskriv T-3/2000 utgitt av Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet og Miljøverndepartementet, når kyrkelova vert oppheva 1. januar 2021.

Bestemmelsene om Den norske kyrka i den nye trussamfunnslova er avgrensa til å gi nødvendige rammer slik at Den norske kyrkja som trussamfunn kan bestemme eiga forvaltning og organisering. Som følge av dette er det i § 15 gitt bestemmelser som slår fast at kyrkjebygget er i soknet sitt eige og at Kyrkjemøtet kan gi reglar om forvaltninga av kirkebygga og om inventar og utstyr. I tillegg er Kongen gitt mynde til å gi særskilte reglar om forvaltninga av kulturhistorisk verdifulle kyrkjer, såkalla listeførte kirker.

Departementet føreslær i høyringsnotatet at det for listeførte kyrkjer vert fastsett sakshandsamingsreglar for avhending, riving eller tiltak ut over ordinært vedlikehald. Saksbehandlingsreglene skal primært gi Riksantikvaren som kulturmiljøstyresmakt rett til å uttale seg før det vert sett i verk tiltak på dei listeførte kyrkjene. Departementet føreslær at forskrifta gir Kyrkjemøtet kompetanse til å opprette eit eller fleire organ som er ansvarleg for å sakshandsaming og godkjenning av tiltak.

Det vert vidare vist til departementet si utgreiing og vurderingar i høyringsnotatet.

Forslag til uttale:

Gitt dei nasjonale, kulturhistoriske verdiane dei listeførte kyrkjebygga representerer, støttar Askvoll sokneråd at desse bygga i framtida også vert gitt særskilt vern gjennom eiga forskrift som vidarefører vernepriinsippa og sakshandsamingsreglar som er gitt i dagens kyrkelov og bestemmelser gitt i medhald av denne i rundskriv T-3/2000, samt etablert praksis, som mellom anna involverer Riksantikvaren sin uttalerett i sakshandsaminga før det vert fatta vedtak i saker som gjeld avhending, riving eller tiltak ut over ordinært vedlikehald av listeførte kyrkjer.

Ikkje minst vil eit slikt særskilt vern gjennom eigen forskrift vidareføre og understøtte ein legitimitet for framtidig offentleg finansiering av desse kulturhistorisk viktige bygga.

Askvoll sokneråd har for øvrig ingen merknader til ordlyden i departementet sitt forslag til ny forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kyrkjer.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd gir uttale i saka som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd gir uttale i saka som den ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.

SR 2020/56 Julegudstenester og advent 2020

UTGREIING

Det vert vist til notat frå soknepresten (av 19.11.2020) om julegudstenester og advent, som er kopiert inn nedanfor.

Notat til soknerådet 26.11.20

Av Kjell Olav Høstaker Nordheim, 16.11.20

Julegudstenester og advent 2020

Både biskop og prost har dei siste vekene sendt brev med innspel til avgjerdene vi må ta lokalt.

Frå Bjørgvin biskop, om julegudstenester:

- «Vår ambisjon må være at disse gudstjenestene gjennomføres som normalt.
- Vi må regne med at det fortsatt vil være restriksjoner på antall tilstedeværende i kirkerommet. Der det er praktisk og ressursmessig mulig, vil det derfor være ønskelig med flere gudstjenester enn vanlig på julaften.
- For at flest mulig skal kunne være sikre på å få plass julaften, bør det foretas en form for forhåndsregistrering på nettet av deltakerne. For dem som ikke er fortrolige med nettet, bør det også være mulig å melde seg på via en kontakt til kirkekontoret. Det vil også være klokt å holde noen plasser ledige for dem som eventuelt måtte møte opp julaften uten å kjenne til ordningen med forhåndsregistrering.
- Dersom man også kan øke kontaktflaten i form av nettgudstjenester/-andakter i juletiden, vil dette selvsagt være en vinning. Men her som ellers må ressursituasjonen i den enkelte menighet være avgjørende.
- Jeg takker igjen for innsatsen dere gjør, og ønsker dere alt godt og Guds velsignelse!»

Frå Prosten i Sunnfjord, om julegudstenester:

- «Det i stor grad opp til kvar enkelt kyrkjelyd/sokn å gjere vurderingane som må til.
- Det må gjerast drøftingar i alle sokneråd om korleis vi skal feire jul i kvart sokn.
- Gjennomgang av lokalt smittervern og oppdatert informasjon til alle tilsette og dei som skal leige til konsertar i jula. For stab, dagleg leiari, vernetenesta.
- Prioriter fysiske gudstenester på julafta og juledag framfor andre ting.

- Gudsteneste på sjukeheimane bør vere utanom julafta dette året.
- Smittevern og registrering vil krevje hjelp frå sokneråd og frivillige i samband med gjennomføring.
- Informasjon ut:

Kyrkjeblad. Viktig å ha klart program for når og kvar det er gudstenester.

Informasjon om påmelding, restriksjonar o.s.v. kan vi be dei om å finne på heimesidene når jul nærmar seg. T.d. Frå Måndag 14. desember. Det kan komme nye restriksjonar og anna som endrar situasjonen lokalt. Derfor ikkje publisert i blad.

Informasjonen vi går ut med må vere positiv og vise at vi tar smittevern på alvor: «Velkommen til julefeiring i kyrkjene våre» ... «annleis enn vanlig, tilrettelagt, tilpassa o.s.v.» Unngå fokus på at det kan bli fullt (det vil kunne skape hinder frå å delta)

Dersom noko blir fullteikna, vise til 1. juledag eller andre arrangement i same kyrkja, i nærleiken.»

Gjennomføring av juledagane Askvoll

Skulegudstenester – ei orientering

- Kontakt med Askvoll skule, dei har ynskje om fire gudstenester med 50 elevar i kvar.
Måndag 21.12 kl 0930-1015 og 11-1145
Tysdag 22.12 kl 0930-1015 og 11-1145.
I og med at ein kan bruke halve skipet til kvar gudsteneste, kan ein gjennomføre dette med eit minimum av smittevask i mellom.
- Gjelsvik skule er kontakta med spørsmål om dei ynskjer skulegudsteneste.
- Gjelsvik barnehage og Røverompa barnehage er kontakta med spørsmål om dei ynskjer barnehagegudsteneste, besøk av prest i barnehagen, og om dei vil bidra med å lage julepynt til juletre.

Julegudstenester

- Arbeidsplanen er lagt opp, men ikkje kunngjort anna enn munnleg i Kvammen kapell, der som ein førebels plan. I andre samanhengar er det kunngjort at julegudst. vert kunngjort så raskt som råd.
- Gjeldande arbeidsplan:

KYRKJE	PREST	ORGANIST
•Vilnes kl 1130	•Runar Matsui-Li	•Nikolai Sudenko
•Kvammen kl 14	•Kjell O H Nordheim	•?
•Holmedal kl 14	•Runar Matsui-Li	•Nikolai Sudenko
•Askvoll kl 16	•Kjell O H Nordheim	•Nikolai Sudenko
•Askvollheimen 1715	•v/ KO, dersom A-heimen ynskjer det. Elles vert det på ein annan dag, alt etter A-heimen i avgjerd.	
•25/12 Bulandet 13	•Kjell O H Nordheim og Nikolai Sudenko	

MOMENT TIL DRØFTING

- Vi bør ta del i ambisjonen om «flest mogleg i kyrkja julaftan». Men vi bør også lage ei digital løysing for dei som ikkje vågar å gå til kyrkje denne dagen. I vår krevande tid er det grunn til å tru at ein god del fleire enn dei som kjem til kyrkja, vil vere interesserte i å delta i noko som skjer digitalt. Dette må også vere med i vurderinga.
- «Ekstra tal gudstenester på julaftan». Lite realistisk hjå oss, som flyttar personell rundt denne dagen.
- «Førehandsregistrering». Kan gjerast på nett og på kyrkjekontor. Vil skape forutsigbarheit. Vi kjem uansett ikkje utanom den situasjon at det er «førstemann til mølla» som gjeld.

Om det møter fram folk som ikkje kjem inn i kyrkja, kan vi ha ein plan på at presten kjem ut og leiar dei i ein salme, ber Fader Vår og lyser velsigninga, før klokkene ringer inn til gudsteneste. Dette er ikkje noko som bør kunngjerast som forhånd, men vi må ha dette eller liknande i beredskap om behovet oppstår.

KVA GJER VI?

Jula er ei tid med tradisjonar for medverknad i kyrkja. Her må vi gå i dialog med tradisjonelle samarbeidspartar som korps, kor, solistar. Oppmodinga må vere å delta, men på anna vis en tradisjonelt – dersom det ikkje går, med utgangspunkt i smittevern. Sokneprest følgjer opp dette, alt etter som restriksjonane endrar seg, men er takksam for innspel og idear!

I vår kommunikasjon utad bør vi 1) opplyse om påmelding til gudsteneste, 2) vise til lokal strøyma sending frå kyrkje i Askvoll sokn, 3) vise til nasjonal sending på NRK, 4) ynskje velkomen i kyrkja på andre dagar.

OM STRØYING FRÅ KVAMMEN KAPELL

Løysinga med mest kvalitet og høgast kostnad, er å la profesjonelle stå for streaminga. Her har arbeidsutvalet v/ soknerådsleiar gjort ein førebels avtale med eit firma som kan stå for dette. Kvammen kapell er valt fordi det er kl 14 på dagen, det er kortast reiseveg for produksjonsselskapet, og soknepresten deltek derifrå (ikkje vikar.) Soknerådsleiar har også lukkast i å få lovnad på privat finansiering dersom vi gjennomfører.

Kva plattform skal nyttast? Det finst ulike plattformer for strøymong:

-Facebook: Enkelt å få til, lett å kunngjere og å finne. Dessverre berre tilgjengeleg for FB-brukarar.

-Vimeo: Har kun streaming som betalingsløysing for dei som skal sjå på. Best egna til presentasjon av ferdige videoar. Kostnad ca kr 200 pr mnd i abonnement.

-Youtube: Oppgir at ein må ha 1000 følgjarar for å få tilgang til funksjonen streaming. Eg

har prøvd å streame via Youtube frå mobil, men måtte (med mitt kompetansenivå) gje opp utan å lukkast.

I valet mellom desse tre bør vi etter mitt syn nytte vår eigen facebook-side og om mogleg vår eigen nettside (askvoll.kyrkja.no) til å strøyme gudstenesta.

Det er også mogleg å kontakt Firda for å høyre om dei vil strøyme gudstenesta via firda.no.

Mange lokalaviser har strøyma spesielle gudstenester i denne tida. Ein slik førespurnad er enno ikkje gjort. Det kan gjere at mange fleire finn gudstenesta på nett, men det vert truleg mindre trafikk til våre eigne nettsider / facebook-sider.

ULIKE SCENARIE – KVA GJER VI?

Om det ikkje vert høve til å samlast i det heile:

Gudstenesta frå Kvammen kapell vert strøymd på nett.

Om det ikkje vert høve til å samlast innandørs:

Det vert gjennomført enkle gudstenester utanfor dei kyrkjene ein skulle ha vore i, t.d. ved hjelp av prest, organist som spelar på trekkspel, og kyrkjeklokkene. Gudstenesta frå Kvammen kapell vert strøymd på nett.

Om det vert opna for inntil 200 innandørs:

Vi gjennomfører gudstenester etter oppsett plan, med førehandspåmelding. Det trengst ekstra dugnadshjelp til registrering av frammøte i døra, tilvising av plass, og utdeling av handsprit.

Gudstenesta frå Kvammen kapell vert strøymd på nett.

Om det vert ope for inntil 50 personar innandørs, men tillat med inntil 200 personar utandørs: (SOM NO)

Vi gjennomfører gudstenester etter oppsett plan, med førehandspåmelding. Det trengst dugnadshjelp til registrering av frammøte i døra, tilvising av plass, og utdeling av handsprit.

Vi tek ikkje imot meir enn 50 påmeldingar pr gudsteneste, fram til vi to eller tre dagar før kan ta stilling til om vi skal i staden gjennomføre enkle gudstenester utanfor dei kyrkjene ein skulle ha vore i, t.d. ved hjelp av prest, organist som spelar på trekkspel, og kyrkjeklokkene. Dette er ei svært

veravhengig løysing, så den kan ikkje lanserast før ein kjenner vermeldinga.
Gudstenesta frå Kvammen kapell vert strøymd på nett.

Mi anbefaling:

Vi bør førebu oss på scenarie 4 og kunngjere gudstenester med påmelding (maks 50). Samtidig bør vi kunngjere at vi er klare til å gjennomføre for inntil 200 deltakarar innandørs (dersom det vert opna for det). Og vi bør vere i beredskap for å gjennomføre ute-gudstenester dersom veret tillet det, og vi kan vere 200 ute, men berre 50 inne. Men usikkert om dette siste skal kunngjerast på førehand.

Plattform for strøyming bør drøftast. Administrasjonen bør få fullmakt til å gjere nødvendige avtalar til at dette kan gjennomførast på best mogleg vis, i tråd med soknerådet sine ynskje.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd støttar soknepresten si tilråding i korleis vi gjennomfører gudstenestene i jula.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd støttar soknepresten si tilråding i korleis vi gjennomfører gudstenestene i jula.

SR 2020/57 Offerlister 2020/2021

UTGREIING

Vedteke offerliste gjeld t.o.m. 13. desember 2020. Ein bør vedta offerliste nokre månader fram, men med koronasituasjonen bør ein ta særskilt atterhald om at endringar i planen kan komme raskt. Kyrkjelydsutvala har fått kort frist på innspel før vedtak i soknerådet, men vonleg vil forslag ligge føre til soknerådsmøtet.

Gjeldande gudstenesteplan frå julaftan og t.o.m. mars månad

Kyrkje	Dato	Tid	Dag	Offer til
Askvoll kyrkje	24.12.2020	16:00	Torsdag	Kirkens Nødhjelp
Askvoll kyrkje	31.12.2020	16:00	Torsdag	Kirkens SOS
Askvoll kyrkje	10.01.2021	11:00	Søndag	Kyrkjebladet
Askvoll kyrkje	24.01.2021	17:00	Søndag	Det Norske Bibelselskap
Askvoll kyrkje	07.02.2021	11:00	Søndag	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	17.02.2021	19:00	Onsdag	Kyrkjelydsarbeidet
Askvoll kyrkje	28.02.2021	17:00	Søndag	Olset Bedehus
Askvoll kyrkje	07.03.2021	17:00	Søndag	Redd Barna
Askvoll kyrkje	21.03.2021	17:45	Søndag	Lørdagsklubben
Bulandet kapell	25.12.2020	13:00	Fredag	Kirkens Nødhjelp
Bulandet kapell	31.01.2021	10:30	Søndag	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Bulandet kapell	28.02.2021	10:30	Søndag	Fiskarheimen
Holmedal kyrkje	24.12.2020	14:00	Torsdag	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	01.01.2021	17:00	Fredag	Det Norske Misjonsselskap
Holmedal kyrkje	17.01.2021	11:00	Søndag	Kyrkjelydsarbeidet
Holmedal kyrkje	14.02.2021	15:00	Søndag	Kirkens Bymisjon i Bergen
Holmedal kyrkje	14.03.2021	11:00	Søndag	Yngres Holmedal
Kvammen kapell	24.12.2020	14:00	Torsdag	Kirkens Nødhjelp
Kvammen kapell	10.01.2021	19:00	Søndag	Det Norske Bibelselskap
Kvammen kapell	14.02.2021	11:00	Søndag	Kvammen kapell
Kvammen kapell	14.03.2021	19:00	Søndag	Kyrkjelydsarbeidet
Kvammen kapell	28.03.2021	11:00	Søndag	Kyrkjelydens misjonsprosjekt

Stongfjorden kapell	03.01.2021	17:00	Søndag	Stongfjorden kapell
Vilnes kyrkje	24.12.2020	11:30	Torsdag	Kirkens Nødhjelp
Vilnes kyrkje	03.01.2021	11:00	Søndag	Skilbreid Ungdomssenter
Vilnes kyrkje	07.02.2021	13:30	Søndag	Kirkens Bymisjon i Bergen
Vilnes kyrkje	07.03.2021	11:00	Søndag	Kyrkjelydsarbeidet

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 24.12.2020 til og med 31.03.2021 i samsvar med forslaga som vart lagt fram i møtet.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 24.12.2020 til og med 31.03.2021 i samsvar med forslaga som vart lagt fram i møtet.

SR 2020/58 Val av leiar og nestleiar i Askvoll sokneråd

UTGREIING

Etter *Regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet* § 1, 3. ledd skal det vere val av leiar og nestleiar for soknerådet kvart år. Valet skulle ha vore føreteke før utgangen av oktober.

Valet går føre seg skriftleg.

Den som har vore leiar eitt år, kan unnslå seg val påfølgjande år.

Valperioden strekker seg frå 1. november til 31. oktober.

INNSTILLING

Ingen

MØTEHANDSAMING

Forslag sett fram i møtet av Arnt Johny Langeland om attval av Jostein Gryte som leiar.

Forslag sett fram i møtet av Karen Anny Espedal om attval av Wenche Ness Gabrielsen som nestleiar.

Avstemminga gjekk føre seg med digital avstemmingsløyising.

VEDTAK

1. Jostein Gryte vart valt som leiar med 7 stemmer + 1 blank av 8 stemmer.
2. Wenche Ness Gabrielsen vart valt som nestleiar med 8 av 8 stemmer.

2020/59 Budsjettjustering drift 2020

UTGREIING

Etter gjennomgang av rekneskapstal i november, viser det seg nødvendig å føreta nokre justeringar i vedtatte årsbudsjett for drift 2020.

1. Forvaltningskapitlar (administrasjon, kyrkjer og gravplassar, 04100-04300)

Avsetning til ubunde fond

Etter vedtak i sak 2020/39 vart det førebels bestemt at kr 60.000,- skulle budsjetterast til ubunde fond i påvente av vurdering av kjøp av ny plenetraktor. Avsetninga bør reduserast til kr 10.000,- for å dekke andre auka utgifter. Som konsekvens må ein truleg utsetje vurdering av kjøp av ny plenetraktor til budsjett 2021 og når ein kjenner årsresultatet på drift for 2020.

Serviceavtalar og reparasjonar gravplassar

Vedlikehaldsavtale er dyrare enn opphavleg budsjett, så posten må aukast opp med kr 25.000,-.

Ny GPS-innmåling utviding Askvoll kyrkiegard

Etter manglande (feil) arkivert kartmateriale må dette arbeidet takast opp igjen med rett innmåling. Posten er føreslege auka opp med kr 10.000,-

Restaurering av lysekroner og sølvkannar i Askvoll kyrkje

Utgift som opphavleg var budsjettert i 2019 på delar av restaureringsarbeidet på lysekronene kjem i 2020. Her kjenner ein ikkje beløpet enno. Reparasjon av dei to vinkannene frå 1697 er og teke inn. Auke kr 15.000,-.

Konto	Kontotekst	Utg.opp/ innt.ned	Utg.ned/ innt. opp
<i>Forvaltningskapitlar</i>			
32000.200.04200.	Inventar og utstyr	15000	
32400.200.04300.	Serviceavtalar og reparasjonar	25000	
32300.200.04300	Vedlikehald av bygg og anlegg	10000	
35400.200.04100	Avsett til ubunde fond		-50000
	<i>Kontrollsum</i>	<u>50000</u>	<u>-50000</u>

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjustering i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettjustering i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.